



Kristian Olav Bringedal og Torfinn Myklebust med svarea frå 58 av dei som har besøkt oss. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Også i år har Uskedalen fått toppkarakter som ferie- og besøksmål.**

**Det fastslår Kristian Olav Bringedal og Torfinn Myklebust etter å ha gått gjennom svarea i spørjeundersøkinga til Uskedalen Utvikling**

## om korleis gjestene har likt seg og funne seg til rette i bygda

I fjor vart det gjennomført ei spørjeundersøking der 175 svara. I år var det eit ønskemål å få større breidde over undersøkinga og 58 har svara. Også i år er det vesentleg gjester i dei to båthamnane og då flest frå båtlaget si hamn som har fylt ut skjema.

Sesongen vart betre enn det såg ut til ei tid, til dømes hadde båtlaget 1020 besøk til utgangen av august etter ein nedgang frå året før med knapt 100.

Det er få utlendingar som har delteke i undersøkinga. Dei som har svara kjem frå nærområdet, Sunnhordland, Haugalandet og Bergen og det har vore ein prosentvis auke av bergensarar.

Alle skryter over hvor fin bygda er med omsyn til natur, turmål og tilbod og service i båthamnar og butikk. Også Solheim Turiststasjon får godord. Nokon var så fornøgde at dei ville koma attende allereie dette året. Dei fleste har som i fjor vore her 2-3 dagar, men nokre har vore her berre 1 dag.

Det er svært få som har vore berre middels fornøgde og det er få kritiske merknader. Dei fleste har fått eit godt inntrykk av vertskapet dei har møtt.

Verten på Øyro, Egil Høgemark, får også i år stor ros for jobben han gjer.

Kvifor har dei så vald Uskedalen? Svært mange har snakka med og fått råd om oss frå andre, men mange har også vald staden tilfeldig og 25-30 prosent har bygda vår som fast feriestad. Og det er nokre som ligg her både 1 og 2 veker.

Informasjonsmateriellet får positiv karakter. uskedalen.no er det ikkje så mange utanom Kvinnherad som les før dei kjem.

Målsettjinga med ei slik spørjeundersøking er framleis ikkje heilt nådd fordi fleire betydelege gjestegrupper ikkje er heilt fanga opp. Det gjeld til dømes fiskarane i elva og fjorden, mange som går på tur og gjester på Dønhaug, som utgjer ei stor gruppe. Heller ikkje dei mange campingturistane er med i særleg grad i svarbunken.

Men Bringedal og Myklebust konkluderer med at ein nå har tilstrekkeleg materiale til å setta opp ein handlingsplan. Den bør mellom anna gå ut på ei viss opprusting av toalett og sanitæranlegg. Her har det truleg vore ein viss tilbakegang sidan i fjor med omsyn til reinsemd og rydding. Fleire boss-spenn er eit anna ønskemål. Ein gjengangar er internett-tilbodet og særleg då på Øyro-området som framleis ikkje er dekkja sjølv om det var planlagt gjort i fjor, som eit samarbeidstiltak.

Av Ola Matti Mathisen



Innslaget av utlendingar var ikkje så stort i år, men her er ei gruppe frå Tyskland og Austerrike klar for vidare ferd. (Foto: Ola Matti Mathisen)